



Innkalling til møte i utval for politisk styringsstruktur
14.02.19 kl. 15-17
Komitesalen Fjell rådhus

Saksliste:

- Sak 1/19** Godkjenning av innkalling, saksliste og referat frå møtet 23.10.18
Vedlegg: Referat frå møtet 23.10.18
- Sak 2/19** Plan for opplæring av folkevalde
Vedlegg: Notat om prosess om plan for opplæring folkevalde
- Sak 3/19** Etiske retningslinjer – Sluttbehandling etter høyring
Vedlegg: Sluttbehandling av etiske retningslinjer – utkast
- Sak 4/19** Ordførarkjede Øygarden 2020 – Framlegg til prosess
Vedlegg: Notat om prosess for anskaffing av nytt ordførarkjede
- Sak 5/19** Oppgåveutval – status for arbeidet og prosessen vidare
Vedlegg: Notat om forslag til prosess for oppgåveutval
- Sak 6/19** Ymse

Med helsing
Marianne Sandahl Bjorøy
Leiar



Møtereferat

Møte nr. 9 i: Utval for politisk styringsstruktur	Dato: 23.10.2018	Tid: Kl. 17.00 – 19.00
Møteleiar: Marianne Sandahl Bjørøy	Stad: Nye Øygarden kommune, Skjenet 2	
Medlemmer som møtte: Marianne Sandahl Bjørøy Ernst Einarsen Kristin Brennhaug Jørgen Kausland Ingrid Marie Toft Børge Haugetun (var med frå og med sak 31/18) Jogeir Sognnæs	Forfall:	
Andre: Ingen		
Referent: Lillian Torsvik		

Saksnr	Sakstittel
28/18	Velkomen ved leiar Leiaren ønskte velkomen til møtet.
29/18	Godkjenning av innkalling og saksliste, og godkjenning av tidlegare utsendt referat frå førre møte 19.09.18 Innkalling, saksliste og referat vart godkjent utan merknader.
30/18	Orientering om status Etisk reglement – høyring tilsette Reglementet er sendt på høyring til hovudtillitsvalde i dei tre kommunane Fjell, Sund og Øygarden. Høyringsfristen er sett til 14. november 2018. Utval for politisk styringsstruktur får saka til ny behandling etter høyring.
31/18	Oppgåveutval og lokalsamfunnsutval - drøfting Notat om oppgåveutval og lokalsamfunnsutval var lagt ved møteinnkallinga, saman med utkast til reglement. Utvalet drøfta både oppgåveutval og lokalsamfunnsutval og konkluderte med at ein ikkje ønskjer å jobba vidare med lokalsamfunnsutval. Når det gjeld oppgåveutval slutta utvalet seg til utkast til reglement slik det låg føre, med presisering om at utvalet skal ha maks 9 medlemmar og at det skal vera dobbelt så mange innbyggjarar som politikarar i oppgåveutval. Tema for slike oppgåveutval må vera på strategisk, overordna politikknivå.



NYE ØYGARDEN KOMMUNE

	<p>Utvalet bad sekretæren undersøke med andre kommunar som har oppretta slike oppgåveutval, kva eventuell godtgjersle dei ulike medlemmane får (politikarar og innbyggjarar) og at dette vert innarbeida i saksframlegget.</p> <p>Utvalet bad samstundes om at sekretæren utarbeidar utkast til saksframlegg om oppgåveutval der det vert gjort nærare greie for korleis eit slikt utval er tenkt når det gjeld aktuelle tema, samansetjing og godtgjersle. Saksframlegget skal leggjast fram for utval for politisk styringsstruktur, som gjev si innstilling til Fellesnemnda.</p>
32/18	<p>Ymse</p> <ul style="list-style-type: none">- Ordførarkjede til den nye kommunen. I Fellesnemnda sitt møte 15.10.18 fekk utval for politisk styringsstruktur som tilleggsoppdrag å jobba med ordførarkjede til den nye kommunen, som skal vera klart til 01.01.20. Sekretæren fekk i oppdrag av utvalet å utarbeide forslag til prosess i samband med nytt ordførarkjede.- Opplæring for nytt kommunestyre I Fellesnemnda sitt møte 15.10.18 fekk utval for politisk styringsstruktur som tilleggsoppdrag å jobba med plan for opplæring av nytt kommunestyre som kan gjennomførast i perioden etter valet og fram til den nye kommunen er etablert 01.01.20. Utvalet vil koma attende til forslag om opplæringsplan i seinare møte.- Neste møte Utvalet fastsette ikkje dato for neste møte no, leiar vil koma attende med forslag til aktuell møtedato seinare.



Dato: 06.02.2019

Vår ref.: 2019/459 - 3661/2019

Ark.kode:

Sak 2/19 - Plan for opplæring folkevalde

Oppsummering

I fellesnemnda sitt møte 15.10.18 fekk utval for politisk styringsstruktur eit tilleggsoppdrag å jobbe med ein plan for opplæring av folkevalde. Planen skal gjennomførast i perioden etter valet og fram til den nye kommunen er etablert 01.01.20. Utvalet vil komme tilbake med forslag til opplæringsplan i eit seinare møte.

Forslag til prosess

Utvalet vert anbefalt i dette møtet å drøfte tankar og innspel om ein opplæringsplan. Utvalet gir prosjektrådmannen i oppdrag å utarbeide eit utkast til opplæringsplan på bakgrunn av innspela frå møtet. Det vil også vere føremålstenleg at ein opplæringsplan vil strekke seg utover 1. januar 2020 og ta føre seg det totale behovet for opplæring. Noko opplæring vil det vere nødvendig å ta i løpet av første halvår 2020.



Dato: 06.02.2019

Vår ref.: 2018/3874 - 3632/2019

Ark.kode: 000

Sak 3/19 - Etiske retningslinjer - sluttbehandling etter høring

Oppsummering

Utval for politisk styringsstruktur har utarbeidd eit forslag til etiske retningslinjer og avgjorde i møtet 23.10.18 å sende desse ut på høring internt med høyringsfrist 14.11.18.

Status

Det har komme inn to høyringsuttalar, sjå vedlegg for detaljar:

- Arbeidstakarorganisasjonane og vernetenesta – felles uttale
- Akademikarane Sund kommune

Proessen vidare

Utval for politisk styringsstruktur skal i dette møtet gå gjennom dei innkomne høyringsinnspela og lage eit endeleg forslag til etiske retningslinjer for den nye kommunen. Framlegget til etiske retningslinjer vil bli lagt fram for fellesnemnda til endeleg avgjerd før sommaren 2019.

Vedlegg

- Etiske retningslinjer - høyringsutkastet
- 2 høyringsinnspel

[Høyringsutkast]

**ETISKE RETNINGSLINER
FOR
NYE ØYGARDEN KOMMUNE**

1. INNLEIING

Målet med Nye Øygarden kommune sine etiske retningslinjer er å sikra ein etisk standard som gjer at innbyggjarane har tillit til kommunen som tenesteytar, som forvaltningsmynde og som arbeidsgjevar. Nye Øygarden kommune legg vekt på at dei som representerer kommunen er ryddige, ærlege og opne i si framferd. Både folkevalde og tilsette skal fylgja opp dette prinsippet.

Retningslinene byggjer på allmenne etiske verdiar og normer som krev rettferd, lojalitet, at ein er ærleg, påliteleg og sannferdig – og at ein skal oppføre seg mot andre slik ein ynskjer at andre skal oppføre seg mot ein sjølv.

Kommunen sitt samfunnsansvar er å forvalta fellesskapet sine ressursar på ein måte som samsvarer med lover og reglar. Måten dette samfunnsansvaret vert teke vare på er viktig for kommunen sitt omdømme. Det vert difor stilt høge krav til etiske haldningar hjå dei som handlar på vegne av kommunen.

2. INNBYGGJARANE

I si verksemd som tenesteytar og forvaltningsmynde pliktar dei som representerer kommunen å ta omsyn til innbyggjarane sine interesser, sikra lik handsaming og vise respekt for kvart individ.

I si framferd skal ein vere tilgjengeleg, open, raus, kompetent og løysingsfokuseret.

Fortrulege opplysningar som kjem fram i samband med oppfylging av innbyggjarane sine saker skal respekterast – og må ikkje koma uvedkomande i hende. Folkevalde og tilsette må heller ikkje nytta slik informasjon til personleg vinning.

3. OMDØME

Den einskilde folkevalde og den einskilde tilsette pliktar å utføra sine oppgåver og opptre på ein etisk forsvarleg måte – slik at kommunen sitt omdøme ikkje vert skadd.

Folkevalde og tilsette skal arbeida for at tenester og varer kommunen nyttar vert produsert på ein etisk forsvarleg måte.

4. OPENHEIT

Alle har eit felles ansvar for å skape eit godt arbeidsmiljø, og utvikle ein kultur prega av openheit og integritet.

Det skal vere openheit og innsyn i forvaltninga, slik at alle kan gjere seg kjend med kommunen si verksemd. Tilsette skal gje korrekt og tilstrekkeleg informasjon til andre styresmakter, selskap, organisasjonar og innbyggjarar.

Ein viser i denne samanheng til kommunen sitt medlemskap i Transparency International Norge.

5. LOJALITET OG YTRINGSFRIDOM

Folkevalde og tilsette i Nye Øygarden kommune har plikt til å fylgja dei lover og reglar som gjeld for kommunen.

Det er viktig at kommunalt tilsette engasjerer seg i ein open, fri og allsidig diskusjon om samfunnsspørsmål – slik normal oppfatning av ytringsfridom tilseier.

Når vedtak er fatta og ei avgjerd er endeleg, skal den fylgjast opp utan unødig opphald innanfor dei rammer som gjeld – upåverka av eventuelle faglege eller politiske motførestellingar.

Tilsette har som alle ein grunnleggjande rett til å delta i den offentlege debatten. Folkevalde og tilsette skal opptre konstruktivt og med verdigheit når dei tek del i samfunnsdebatten, uavhengig av kva møteplassar, fora eller media dette skjer i. Den einskilde skal tenkje gjennom dilemma som kan oppstå i høve til lojalitetsplikta. Særleg gjeld dette leiarane der kommunen forventar særleg varsemd i høve til lojalitetsplikta.

Arbeidsgjevar skal sjå til at arbeidstakar sine interesser vert sikra så langt råd er.

Lovreglar om teieplikt skal etterlevast. Den enkelte har ansvar for at ytringar ikkje kjem i konflikt med lojalitets- og teieplikta.

6. UGILDSKAP

Alle som fattar vedtak og tilrettelegg for vedtak i kommunen, er bundne av forvaltningslova sine reglar om habilitet.

Tilsette har sjølvstendig plikt til å varsle overordna om inhabilitet slik at dei kan fritakast for vidare medverknad med saka. Ved tvil om habilitet skal den tilsette ta dette opp med næraste leiar.

For folkevalde skal spørsmål om habilitet takast opp med det politiske organet ein er representant i. I praksis må den folkevalde sjølv ha ansvar for å ta opp spørsmålet om eigen habilitet. Ved val til ulike politiske utval skal valnemnda medverka til at medlemene unngår å kome i lojalitets- og interessekonfliktar.

7. FORRETNINGSDRIFT

Kommunen si forretningsverksemd skal drivast slik at innbyggjarar, brukarar og leverandørar har tillit til måten fellesskapet sine midlar vert brukt.

Folkevalde og tilsette må ha kunnskap om og fylgja dei lover og reglar som gjeld offentlege innkjøp.

Tilsette og folkevalde skal vere bevisste på at dei forvaltar samfunnet sine fellesmidlar på vegne av alle innbyggjarar i kommunen. Dei pliktar å ta vare på kommunen sine ressursar på den mest økonomiske og rasjonelle måten og ikkje misbruke eller sløse.

I samsvar med kommunen sitt medlemskap i Transparency International Norge, vert det praktisert nulltoleranse for alle former for korrupsjon i verksemda.

8. GÅVER OG ANDRE FORDELAR

Folkevalde og tilsette i kommunen skal unngå personlege fordelar som kan påverka, eller vera eigna til å påverka handlingar, saksførebuing eller vedtak. Dette gjeld likevel ikkje gåver av ubetydeleg verdi, slik som blomar, reklamemateriell eller liknande.

Tilsette sine utgifter ved tenestereiser skal betalast av kommunen, arbeidsgjevar- eller arbeidstakarorganisasjon.

Folkevalde som er med på reiser for å representera kommunen skal få dekka sine utgifter knytte til reisa av kommunen.

Representasjon og gjestfridom er ein naturleg del av det å samarbeida med andre. Representasjon må likevel ikkje vera av eit slikt omfang at det kan gje grunn til å tru at avgjerdsprosessar i kommunen kan verta påverka.

9. UØNSKA ADFERD / RETT TIL Å VARSLA

Nye Øygarden kommune føreset og krev at folkevalde og tilsette viser respekt for kvart einskild menneske, uavhengig av personlegdom, kjønn, seksuell legning, alder, religion, livssyn, etnisitet, politisk overtydning og andre grunnleggande føresetnader.

Ingen skal diskriminera, mobba, trakassera eller gjere forskjell på personar, kundar eller innbyggjarar på slikt eller anna grunnlag.

Kommunen pliktar å leggje forholda til rette for varsling.

Melding om uønska adferd/ uheldige tilhøve i slik samanheng, skal skje i samsvar med kommunen sine varslingsrutinar. I særlege tilfelle bør det varslast med tilvising til Arbeidsmiljølova (§2-4 og 2-5). Leiarar har eit særleg ansvar for at medarbeidarar som avdekkar og varslar om uheldige tilhøve vert fylgde opp i samsvar med kommunen sine reglar og rutinar.

Folkevalde som vert kjende med brot på dei etiske retningslinene skal varsla ordføraren.

10. REGISTRERING AV STYREVERV OG ØKONOMISKE INTERESSER

Nye Øygarden kommune er tilknytta Styrevervsregistret, og opplysningar om folkevalde og tilsette sine verv og stillingar er registrert der. Opplysningane er henta frå Enhetsregistret, Føretaksregistret (Brønnøysund) og Kommuneregistret.

Folkevalde, og likeins tilsette som er leiarar eller har innstillings- og/eller avgjerdsrett, vert oppmoda til sjølv å registrera andre verv og interesser for å sikre openheit og transparens om økonomiske tilhøve for slik å byggja tillit rundt dei prosessane ein deltek i.

11. OPPFYLGING

Kvar einskild folkevald og kvar einskild tilsett i kommunen har ansvar for å fylgja dei etiske retningslinene. Det er eit leiaransvar at brot på retningslinene vert påtala og at mogeleg reaksjon vert vurdert.

Vedlegg Sak 3/19

Uttale fra Akademikarane i Sand Kommune

Fra: Mona Rabben <mona.rabben@sund.kommune.no>
Sendt: onsdag 21. november 2018 22:21
Til: Kaja Pedersen <Kaja.Pedersen@sund.kommune.no>
Emne: SV: Høyring- Etisk reglement for Nye Øygarden kommune

Hci, Kaja

Eg har gløymt fristen for dette!

Håpar det fortsatt er rom for å kome med tilbakemelding?

Vi har kome med ein del kommentarar direkte i teksten, sjå vedlegg.

(Eg har ikkje dobbeltsjekka alle språklege rettingar i tilbakemeldinga.. det er ikkje meg som står for «språkvasken».. ;)

Eg har elles kommentar til punktet som omhandlar varsling.

Her vil eg tipse om Oslo kommune sine etiske retningslinjer, eg synes dei har løyst det på ein god måte.

https://www.ks.no/globalassets/etiske-regler_brosjyre-oslo-kommune.pdf (punkt nr. 10)

Det er viktig at ein ikkje tolkar punktet om lojalitet eller taushetsplikt slik at den går lenger enn det som går fram av lov og avtaleverk.

Sidan desse etiske retningslinjene gjeld både politikarar og administrasjon så hadde eg godt kunne tenke meg at det var eit punkt som omhandla samhandling mellom politisk og administrativt nivå.

Den politisk-administrative samhandlinga i eit demokrati støttar seg på tre føresetnader, lojalitet, nøytralitet og fagleg uavhengighet.

I det ligg det at administrasjonen skal være politisk nøytral og fagleg uavhengig.

Det vil sei at politikarane kan stole på at det ikkje ligg politiske motiv eller personlege agendaer bak saksutgreiingar,

men utøving av faglegheit/fagkompetanse som skal gje «best mogleg» grunnlag for dei vedtak som vert fatta (og sikre at dei er i tråd med lov og forskrift).

Vidare skal det være tillit til at administrasjonen lojalt føl opp dei politiske vedtaka som vert fatta.

Sjå for eksempel, <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/etiske-retningslinjer-for-statstjenesten/id88164/sec6>

Mvh Mona Rabben

ETISKE

RETNINGSLINER FOR NYE ØYGARDEN KOMMUNE

1. INNLEIING

SiktemåletMålet med Nye Øygarden kommune sine etiske retningslinjer er å sikra at ein etisk standard blir folgt og som gjer at innbyggjarane har får tillit til kommunen som tenesteytar, som forvaltningsmynde og som arbeidsgjevar. Nye Øygarden kommune legg vekt på at dei som representerer kommunen er profesjonell, ryddige, ærlege og imotekomande opne i si framferd. Både folkevalde og tilsette skal følgje retningslinene følgja opp dette prinsippet.

Commented [SM1]: I mange saker skal vi ikkje vere «opne»

Commented [SM2]: Står ingen prinsipp ovenfor

Retningslinene byggjer på allmenne etiske verdiar og normer som stiller krav om krav rettferd, lojalitet, at ein er ærleg, påliteleg og sannferdig – og at ein skal oppføre seg mot andre slik ein ynskjer at andre skal oppføre seg mot ein sjølv.

Kommunen sitt samfunnsansvar er å forvalta fellesskapet i kommunen sine ressursar på ein måte som samsvarer med lover og reglar. Måten dette samfunnsansvaret vert teke vare på er viktig for kommunen sitt omdømme. Det vert difor stilt høge krav til etiske haldningar hjå dei som handlar på vegne av kommunen.

2. INNBYGGJARANE

I sin verksemd som tenesteytar og forvaltningsmynde pliktar dei som representerer kommunen å ta omsyn til innbyggjarane sine interesser, sikra lik handsaming og vise respekt for kvart individ.

I sin framferd skal ein vere tilgjengeleg, open, raus, kompetent og løysingsfokusert.

Fortrulege opplysningar som kjem fram i samband med oppfylging av innbyggjarane sine saker skal respekterast – og må ikkje koma uvedkomande i hende. Folkevalde og tilsette må heller ikkje nytta slik informasjon til personleg vinning.

3. OMDØME

Den einskilde folkevalde og den einskilde tilsette pliktar å utføra sine oppgåver og opptre på ein etisk forsvarleg måte – slik at kommunen sitt omdøme ikkje vert skadd.

Folkevalde og tilsette skal arbeida for at tenester og varer kommunen nyttar vert produsert på ein etisk forsvarleg måte.

4. OPENHEIT

Alle tilsette har eit felles ansvar for å skape eit godt arbeidsmiljø, og utvikle ein kultur prega av openheit og integritet.

Det skal vere openheit og innsyn i forvaltninga, slik at alle kan gjere seg kjend med kommunen sin verksemd. Tilsette skal gje korrekt og tilstrekkeleg informasjon til andre styresmakter, selskap, organisasjonar og innbyggjarar.

Ein viser i denne samanheng til kommunen sitt medlemskap i Transparency International Norge.

5. LOJALITET OG YTRINGSFRIDOM

Folkevalde og tilsette i Nye Øygarden kommune skal sikre at kommunen har plikt til å følgjer fylgja dei lover og reglar som gjeld for kommunen.

Commented [SM3]: At kommunen skal følge regelverket seier seg sjølv

Etter arbeidstid skal tilsette følge dei reglar som gjeld for alle, samd ev. føresegn i arbeidsavtale - men ikkje meir

Det er viktig at kommunalt tilsette engasjerer seg i ein open, fri og allsidig diskusjon om samfunnsspørsmål – slik normal alminneleg oppfatning av ytringsfridom tilseier.

Når -vedtak er fatta og ei avgjerd er endeleg, skal den fylgjast opp utan unødig opphald innanfor dei rammer som gjeld – upåverka av eventuelle faglege eller politiske motforestillingar.

Tilsette har som alle ein grunnleggjande rett til å delta i den offentlege debatten. Folkevalde og tilsette skal opptre konstruktivt og med verdigheit når dei tek del i samfunnsdebatten, uavhengig av kva møteplassar, fora eller media dette skjer i. Den einskilde skal tenkje gjennom dilemma som kan oppstå i hove til lojalitetsplikta. Særleg gjeld dette leiarane der kommunen forventar særleg varsemd i hove til lojalitetsplikta.

Arbeidsgjevar skal sjå til -at arbeidstakar sine interesser vert sikra så langt råd er.

Lovreglar om teieplikt skal etterlevast. Den enkelte har ansvar for at ytringar ikkje kjem i konflikt med lojalitets- og teieplikta.

6. UGILDSKAP

Alle som ~~fattar vedtak~~ og ~~legg til rette tilrettelegg for~~ og ~~fattar~~ vedtak i kommunen, er bundne av forvaltningslova sine reglar om sakshandsaming. Dette gjeld også reglar om krav til habilitet.

Tilsette har sjølvstendig plikt til å varsle overordna om inhabilitet slik at dei kan fritakast for vidare medverknad med saka. Ved tvil om habilitet skal den tilsette ta dette opp med næraste leiar. Dersom ein leiar er inhabil er alle tilsette inhabil. Leiar må ta spørsmålet opp med rådmannen, for at leiar med tilhøyrande eining kan fritakast for vidare medverknad med saka.

For folkevalde skal spørsmål om habilitet takast opp med det politiske organet ein er representant i. I praksis må den folkevalde sjølv ha ansvar for å ta opp spørsmålet om eigen habilitet. Ved val til ulike politiske utval skal valnemnda medverka til at medlemene unngår å kome i lojalitets- og interessekonfliktar.

7. FORRETNINGSDRIFT

Kommunen sin forretningsverksemd skal drivast slik at innbyggjarar, brukarar og leverandørar har tillit til måten fellesskapet sine midlar vert brukt.

Folkevalde og tilsette må ha kunnskap om og fylgja dei lover og reglar som gjeld for offentlege innkjøp.

Tilsette og folkevalde skal vere bevisste påmedviten at dei forvaltar samfunnet sine fellesmidlar på vegne av alle innbyggjarar i kommunen. Dei pliktar å ta vare på kommunen sine ressursar på den mest økonomiske og rasjonelle måten ~~og ikkje misbruke eller sløse.~~

Tilsette som deltar i kommunen sin forretningsmessige virksomhet plikter å sette seg grundig inn i og etterleve lov og forskrift om offentlige anskaffelser og kommunens eget regelverk på området. Alle anskaffelser må baseres på forutsigbarhet, gjennomsiktighet, etterprøvbarhet, likebehandling og god forretningsskikk

I samsvar med kommunen sitt medlemskap i Transparency International Norge, vert det praktisert nulltoleranse for alle former for korrupsjon i verksemda.

8. GÅVER OG ANDRE FORDELAR

Folkevalde og tilsette i kommunen skal unngå personlege fordelar som kan påverka, eller vera eigna til å påverka handlingar, saksførebuing eller vedtak. Dette gjeld likevel ikkje gåver av ubetydeleg verdi, slik som blomar, reklamemateriell eller liknande. Den tilsette skal likevel opplyse om slike gåver til næraste leiar for å sikre opneheit.

Tilsette sine utgifter ved tenestereiser skal betalast av kommunen, arbeidsgjevar- eller arbeidstakarorganisasjon.

Folkevalde som er med på reiser for å representera kommunen skal få dekka sine utgifter knytte til reisa av kommunen.

Representasjon og gjestfridom er ein naturleg del av det å samarbeida med andre. Representasjon må likevel ikkje vera av eit slikt omfang at det kan gje grunn til å tru at avgjerdsprosessar i kommunen kan verta påverka.

9. UØNSKA ADFERD / RETT TIL Å VARSLA

Nye Øygarden kommune føreset og krev at folkevalde og tilsette viser respekt for kvart einskild menneske, uavhengig av personlegdom, kjønn, seksuell legning, alder, -religion, livssyn, etnisitet, politisk overtydningovertydning -og andre grunnleggande føresetnader.

Ingen skal diskriminereea, mobbeea, trakassereea eller gjere forskjell på personar, kundar eller innbyggjarar på slikt eller anna grunnlag.

Kommunen pliktar å leggje forholda til rette for varsling.

Melding om uønska adferdåtferd/ uheldige tilhøve i slik samanheng, skal skje i samsvar med kommunen sine varslingsrutinar. I særlege tilfelle bør det varslast med tilvising til Arbeidsmiljølova (§2-4 og 2-5). Leiarar har eit særleg ansvar for at medarbeidarar som avdekkjer og varslar om uheldige tilhøve, vert fylgde opp i samsvar med kommunen sine reglar og rutinar.

Folkevalde som vert kjende med brot på dei etiske retningslinene skal varsle ordføraren.

10. REGISTRERING AV STYREVERV OG ØKONOMISKE INTERESSER

Nye Øygarden kommune er ~~tilknyttet~~**tilknytt** Styrevervsregistret, og opplysningar om folkevalde og tilsette sine verv og stillingar er registrert der. Opplysningane er henta frå Enhetsregistret, Føretaksregistret (Brønnøysund) og Kommuneregistret.

Folkevalde, og likeins tilsette som er leiarar eller har innstillings- og/eller avgjerdsrett, vert oppmoda til sjølv å registrera andre verv og interesser for å sikre openheit og transparens om økonomiske tilhøve for slik å byggja tillit rundt dei prosessane ein deltek i.

11. OPPFYLGING

Kvar einskild folkevald og kvar einskild tilsett i kommunen har ansvar for å fylgja dei etiske retningslinene. Det er eit leiaransvar at brot på retningslinene vert påtala og at -mogeleg reaksjon vert vurdert.



akademikerne



Straume 07.12.18

Uttale etiske retningslinjer for nye Øygarden kommune

Arbeidstakarorganisasjonane og vernetenesta vil med dette gje ein felles uttale til dokument om etiske retningslinjer for nye Øygarden kommune.

Endringar og tillegg er skriven inn i høyringsdokumentet.

På vegne av arbeidstakarorganisasjonane etter hovudsamanslutningsmodellen og vernetenesta i Fjell

Trude E. Villanger
Hovudverneombod

Lars Sverre Hausnes
felles-HTV Akademikerne

Rikard Kvaal
HTV Delta, YS

Bodil Aleksandersen
HTV Fagforbundet, LO

Nina Zandstra
HTV Utdanningsforbundet, Unio

ETISKE RETNINGSLINER FOR NYE ØYGARDEN KOMMUNE

1. INNLEIING

Målet med Nye Øygarden kommune sine etiske retningslinjer er å sikra ein etisk standard som gjer at innbyggjarane har tillit til kommunen som tenesteytar, som forvaltningsmynde og som arbeidsgjevar. Nye Øygarden kommune legg vekt på at dei som representerer kommunen er ryddige, ærlege og opne i si framferd. Både folkevalde og tilsette skal fylgja opp dette prinsippet.

Retningslinene byggjer på allmenne etiske verdiar og normer som krev rettferd, lojalitet, at ein er ærleg, påliteleg og sannferdig – og at ein skal oppføre seg mot andre slik ein ynskjer at andre skal oppføre seg mot ein sjølv.

Kommunen sitt samfunnsansvar er å forvalta fellesskapet sine ressursar på ein måte som samsvarer med lover og reglar. Måten dette samfunnsansvaret vert teke vare på er viktig for kommunen sitt omdømme. Det vert difor stilt høge krav til etiske haldningar hjå dei som handlar på vegne av kommunen.

Dei folkevalde skal vere medvitne om rolla si som arbeidsgjevar og om arbeidsgjevaransvaret som dei har for tilsette i nye Øygarden kommune.

Samhandling mellom folkevalde og tilsette må leggjast til rette og praktiserast slik at det fremjar eit god arbeidsmiljø på ein god og trygg måte, jf. Arbeidsmiljølova § 4.3.

Dei etiske retningslinene vert gått gjennom i starten av kvar nye kommunestyreperiode for dei folkevalde i nye Øygarden. Alle tilsette i nye Øygarden skal kjenna til retningslinene.

I opplæringsprogram både for tilsette og folkevalde skal etikk og møtekultur vere viktige tema.

2. INNBYGGJARANE

I si verksemd som tenesteytar og forvaltningsmynde pliktar dei som representerer kommunen å ta omsyn til innbyggjarane sine interesser, sikra lik handsaming og vise respekt for kvart individ.

I si framferd skal ein vere ~~tilgjengeleg~~ imøtekommande, open, raus venleg, kompetent og løysingsfokusert.

Fortrullege opplysningar som kjem fram i samband med oppfylging av innbyggjarane sine saker skal respekterast – og må ikkje koma uvedkomande i hende. Folkevalde og tilsette må heller ikkje nytta slik informasjon til personleg vinning.

3. OMDØME

Den einskilde folkevalde og den einskilde tilsette pliktar å utføra sine oppgåver og opptre på ein etisk forsvarleg måte – slik at kommunen sitt omdøme ikkje vert skadd.

Folkevalde og tilsette skal arbeida for at tenester og varer kommunen nyttar vert produsert på ein etisk forsvarleg måte.

4. OPENHEIT

Alle har eit felles ansvar for å skape eit godt arbeidsmiljø, og utvikle ein kultur prega av openheit og integritet.

Det skal vere openheit og innsyn i forvaltninga, slik at alle kan gjere seg kjend med kommunen si verksemd. Tilsette skal gje korrekt og tilstrekkeleg informasjon til andre styresmakter, selskap, organisasjonar og innbyggjarar.

Ein viser i denne samanheng til kommunen sitt medlemskap i Transparency International Norge.

5. LOJALITET OG YTRINGSFRIDOM

Folkevalde og tilsette i Nye Øygarden kommune har plikt til å fylgja dei lover og reglar som gjeld for kommunen.

Det er viktig at kommunalt tilsette engasjerer seg i ein open, fri og allsidig diskusjon om samfunnsspørsmål. ~~—slik normal oppfatning av ytringsfridom tilseier.~~

Når vedtak er fatta og ei avgjerd er endeleg, skal den fylgjast opp utan unødig opphald innanfor dei rammer som gjeld – upåverka av eventuelle faglege eller politiske motførestellingar.

Tilsette har som alle ein grunnleggjande rett til å delta i den offentlege debatten. Folkevalde og tilsette skal opptre konstruktivt og med verdigheit når dei tek del i samfunnsdebatten, uavhengig av kva møteplassar, fora eller media dette skjer i. Den einskilde skal tenkje

gjennom dilemma som kan oppstå i høve til lojalitetsplikta. Særleg gjeld dette leiarane der kommunen forventar særleg varsemd i høve til lojalitetsplikta.

Dei tillitsvalde og verneomboda står i ei særstilling når det gjeld yringsfridomen og skal tale medlemmene og dei tilsette si sak. Det skal difor meir til før ein tillitsvald eller eit verneombod vert vurdert for brot på lojalitetsplikta.

Arbeidsgjevar skal sjå til at arbeidstakar sine interesser vert sikra så langt råd er i samsvar med lov- og avtalverk.

Lovreglar om tieplikt skal etterlevast. Den enkelte har ansvar for at ytringar ikkje kjem i konflikt med lojalitets- og tieplikta.

6. UGILDSKAP

Alle som fattar vedtak og ~~tilrettelegg~~ legg til rette for vedtak i kommunen, er bundne av forvaltningslova sine reglar om habilitet.

Tilsette har sjølvstendig plikt til å varsle overordna om inhabilitet slik at dei kan fritakast for vidare medverknad med saka. Ved tvil om habilitet skal den tilsette ta dette opp med næraste leiar.

For folkevalde skal spørsmål om habilitet takast opp med det politiske organet ein er representant i. I praksis må den folkevalde sjølv ha ansvar for å ta opp spørsmålet om eigen habilitet. Ved val til ulike politiske utval skal valnemnda medverka sjå til at medlemene unngår å kome i lojalitets- og interessekonfliktar.

7. FORRETNINGSDRIFT

Kommunen si forretningsverksemd skal drivast slik at innbyggjarar, brukarar og leverandørar har tillit til måten fellesskapet sine midlar vert brukt.

Folkevalde og tilsette må ha kunnskap om og fylgja dei lover og reglar som gjeld offentlege innkjøp.

Tilsette og folkevalde skal vere bevisste på at dei forvaltar samfunnet sine fellesmidlar på vegne av alle innbyggjarar i kommunen. Dei pliktar å ta vare på kommunen sine ressursar på den mest økonomiske og rasjonelle måten og ikkje misbruke eller sløse.

I samsvar med kommunen sitt medlemskap i Transparency International Norge, vert det praktisert nulltoleranse for alle former for korrupsjon i verksemda.

8. GÅVER OG ANDRE FORDELAR

Folkevalde og tilsette i kommunen skal unngå personlege fordelar som kan påverka, eller vera eigna til å påverka handlingar, saksførebuing eller vedtak. Dette gjeld likevel ikkje gåver av ubetydeleg verdi, slik som blomar, reklamemateriell eller liknande.

Tilsette sine utgifter ved tenestereiser skal betalast av kommunen, ~~arbeidsgjevar eller arbeidstakarorganisasjon~~ eller anna offentleg ansvarleg for tenestereisa.

Folkevalde som er med på reiser for å representera kommunen skal få dekka sine utgifter knytte til reisa av kommunen.

Representasjon og gjestfridom er ein naturleg del av det å samarbeida med andre. Representasjon må likevel ikkje vera av eit slikt omfang at det kan gje grunn til å tru at avgjerdsprosessar i kommunen kan verta påverka.

9. UØNSKA ADFERD / RETT TIL Å VARSLA

Nye Øygarden kommune føreset og krev at folkevalde og tilsette viser respekt for kvart einskild menneske, uavhengig av personlegdom, kjønn, seksuell legning, alder, religion, livssyn, etnisitet, politisk overtøying og andre grunnleggande føresetnader.

Ingen skal diskriminera, mobba, trakassera eller gjere forskjell på personar, ~~kundar eller innbyggjarar~~ på slikt eller anna grunnlag.

Kommunen pliktar å legge forholda til rette for varsling.

Melding om uønska adferd/ uheldige tilhøve i slik samanheng, skal skje i samsvar med kommunen sine varslingsrutinar. I særlege tilfelle bør det varslast med tilvising til Arbeidsmiljølova (§2-4 og 2-5). Leiarar har eit særleg ansvar for at medarbeidarar som avdekkjer og varslar om uheldige tilhøve vert fylgde opp i samsvar med kommunen sine reglar og rutinar.

Folkevalde som vert kjende med brot på dei etiske retningslinene skal varsla ordføraren.

10. REGISTRERING AV STYREVERV OG ØKONOMISKE INTERESSER

Nye Øygarden kommune er tilknytta Styrevervsregistret, og opplysningar om folkevalde og tilsette sine verv og stillingar er registrert der. Opplysningane er henta frå Enhetsregistret, Føretaksregistret (Brønnøysund) og Kommuneregistret.

Folkevalde, og likeins tilsette som er leiarar eller har innstillings- og/eller avgjerdsrett, vert oppmoda til sjølv å registrera andre verv og interesser for å sikre openheit og transparens om økonomiske tilhøve for slik å byggja tillit rundt dei prosessane ein deltek i.

11. OPPFYLGING

Kvar einskild folkevald og kvar einskild tilsett i kommunen har ansvar for å fylgja dei etiske retningslinene. Det er eit leiaransvar at brot på retningslinene vert påtala og at mogeleg reaksjon vert vurdert **utifrå kommunale rutinar/prosedyrar**.



Dato: 05.02.2019
Vår ref.: 2018/3224 - 29168/2018
Ark.kode: 019

Sak 4/19 - Ordførarkjede for Øygarden 2020 - Framlegg til prosess

Bakgrunn

Fellesnemnda gav i sak 58/18, utval for politisk styringsstruktur i oppgåve å utarbeide forslag til ordførarkjede for nye Øygarden kommune. Forslaga skal leggest fram for fellesnemnda til endeleg avgjerd. Fellesnemnda har også vedteke ei kostnadsramme på kr. 200.000 eks. mva., ref. sak 74/18.

I utvalet sitt møte 23.10.18 fekk prosjektrådmannen v/sekretær i oppdrag å utarbeide eit forslag til prosess i samband med nytt ordførarkjede.

Utval for politisk styringsstruktur får i dette notatet framlagt eit forslag til vidare prosess i tillegg til informasjon om tidlegare prosessar for ordførarkjede i Fjell og Sund kommunar.

Historisk

- *Fjell kommune*
Ordførarkjede vart innkjøpt i 2007. Kort oppsummert så vart utforminga av ordførarkjedet utlyst som ein konkurranse med ei kostnadsramme på kr. 150.000,- inkl. mva.

I kravspesifikasjonen vart det sagt at kjedet skulle ha lokale motiv som til dømes: Kyrkje, Sotrabrua, industribygg, fiskebåtar, oljeplattform, gamal næringsverksemd (jordbruk, spelsau, klippfisk, sildetønner, fiskeindustri).

Vidare vart det kravd at minst 3 motiv skulle vere frå gamal tid og minst 3 motiv frå nyare tid. I tillegg ønskte kommunen to stykk forslag med motiv i emalje og graverte motiv.

Det vart sendt ut invitasjon til 5 produsentar (tre lokale, ein sentral og ein regional) som alle leverte eit forslag til ordførarkjede innanfor prisramma. Valet falt på Theodor Olsen Sølvvareverksted i Bergen (heiter i dag 'Arven AS').



- *Sund kommune*

Sak om ordførarkjede vart behandla i saksgruppe for næring og utvikling (SNU) i Sund kommune 25.05.11. Konklusjonen var at SNU var positive til eit samarbeid med VNR om prosjektet, og at det skulle settast ned ei arbeidsgruppe bestående av 3 folkevalde og ein representant frå VNR.

Mandatet som gjekk fram av saksutgreiinga var at ordførarkjedet skulle ha motiv som er representative for kommunen og ha tema som; næringsliv, natur og historie. Motivfelta bør ha emalje i same farge som kommunevåpenet og bør ikkje ha meir enn 6 emaljerte motivfelt grunna tyngda. Det vart anslått ein kostnad på omlag 60.000,- + moms.

Kjedet vart utarbeidd av TG Design på Hønefoss og vart finansiert via gaver frå næringslivet i Sund.



Krav etter forskrift om offentlege anskaffingar - Minikonkurranse

I forskrift om offentlege anskaffingar § 1-1 – del 1 om alminnelege føresegner, står det at følgjande anskaffingar er omfatta av forskrifta:

«Forskriften gjelder når oppdragsgivere som nevnt i § 1-2 inngår vare-, tjeneste- eller bygge- og anleggskontrakter, eller gjennomfører plan- og designkonkurranser, med en anslått verdi som er lik eller overstiger 100 000 kroner ekskl. mva.»

Det betyr at eit nytt ordførarkjede for den nye Øygarden kommune, må lysast ut som ein konkurranse. Det vert ikkje stilt særskilt krav til ei slik minikonkurranse og den kan difor gjerast på enklast mogleg måte.

Kostnadsramme

Fellesnemnda har i sak 74/18 vedteke ei kostnadsramme på kr. 200.000,- eks. mva. Storleiken på kostnadsramma er romsleg og vil sikre at kommunen får tilbod frå fleire anerkjente sølvsmedar/verkstadar.

Kravspesifikasjon – forslag

Ein kravspesifikasjon for eit ordførarkjede må utarbeidast slik at alle innsendte forslag til ordførarkjede vert vurdert så lenge dei er innanfor kostnad- og tidsramma. Det vil ikkje vere naturleg å velje eit ordførarkjede ut i frå kven som kan levere billigaste kjede. Det vert i dette notatet lagt fram eit forslag for utvalet, til kravspesifikasjon for eit ordførarkjede. I forslaga er det unnlate å vere altfor detaljert, for å unngå å sette for store avgrensingar på utforminga:

- Kostnadsramme – Totalkostnad på kr. 200.000,-.
- Forslag til motiv:
 - Olje/gassindustri
 - Naustmiljø

- Fiskeri
 - Sotrabrua
 - Kyrkje
 - Gamal tradisjonell industri – t.d. jordbruk, spelsau, klippfisk, sildetønner m.m.
 - Natur
- Det er ønske om forslag både med og utan emalje. Kommunevåpenet må ha originalfarge.
 - Ordførarkjedet må ha ei passande vekt og storleik som kan passe for ulike personar.
 - Ordførarkjedet bør ha nåler eller anna innretning som gjer at det kan festast i klede for å henge betre.
 - Justeringar av forslag til ordførarkjede må vere mogleg innanfor kostnadsramma.

Proessen vidare

1. Prosjektrådmannen v/sekretariatet utarbeider ein kravspesifikasjon for ordførarkjedet på bakgrunn av innspel frå utval for politisk styringsstruktur.
 2. Prosjektrådmannen v/sekretariatet organiserer ein minikonkurranse i samsvar med gjeldande regelverk. Kravspesifikasjonen vert sendt ut til omlag 5 pre-kvalifiserte leverandørar. Dvs. at eit representativt tal leverandørar vert plukka ut på førehand og kontakta for å undersøke om dei er interessert i å levere eit tilbod til ordførarkjede innanfor kostnads- og tidsramma. Dette for å sikre det faktisk vil bli levert tilbod på ordførarkjede frå fleire aktuelle leverandørar.
 3. Utval for politisk styringsstruktur får seg framlagt dei forslaga som vert levert innan anbudsfristen, og førebur ei endeleg sak til fellesnemnda.
 4. Mål for endeleg vedtak i fellesnemnda: seinast 17.06.19.
-



Dato: 06.02.2019
Vår ref.: 2019/449 - 3592/2019
Ark.kode:

Sak 5/19 - Oppgåveutval - status for arbeidet og prosessen vidare

Historikk/oppsummering

I samband med fellesnemnda si behandling av sak 42/18 *Sluttrapport frå utval for politisk styringsstruktur - sluttbehandling etter høyring*, i møte 18.06.2018, vart det gitt slikt tilleggsmandat til utvalet:

6. Fellesnemnda ønskjer å gje eit tilleggsmandat til utvalet som har jobba med politisk organisering. Gentofte kommune i Danmark har innført ein modell med oppgåveutval, for å utvikle lokaldemokratiet og få innbyggjarar og brukargrupper tettare på dei politiske prosessane og for å sikre auka medverknad. Fellesnemnda ber utvalet for politisk organisering skissere opp modellar for korleis noko tilsvarande kan byggast opp for nye Øygarden kommune og presentere ei slik skisse for Fellesnemnda innan utgangen av 2018.

Utval for politisk styringsstruktur – Møte 19.09.18

I dette møtet vart tilleggsmandatet drøfta og sekretariatet vart beden om å legge fram forslag til skisse for eit oppgåveutval med tema som strategisk, overordna politikknivå.

Utval for politisk styringsstruktur – Møte 23.10.18

Notat om ‘oppgåveutval’ og ‘lokalsamfunnsutval’, samt eit utkast til reglement, vart lagt fram for utvalet til drøfting. Utvalet ville ikkje jobbe vidare med ‘lokalsamfunnsutval’. Utvalet slutta seg til utkastet til reglement, men med maksimalt 9 medlemmer. Sekretariatet fekk i oppdrag å undersøke med andre kommunar om kva ev. godtgjersle medlemmene får.

Vidare fekk sekretariatet i oppgåve å utarbeide eit saksframlegg om ‘oppgåveutval’ der det vert gjort nærare greie for korleis eit slikt utval er tenkt når det gjeld aktuelle tema, samansetting og godtgjersle. Saksframlegget skal leggest fram for utvalet, som gir innstilling til fellesnemnda.

Status for arbeidet med ‘oppgåveutval’

Etter møtet i oktober har det vore jobba administrativt med å framskaffe ytterlegare informasjon om ‘oppgåveutval’, mellom anna frå to andre kommunar; Svelvik kommune og nye Asker kommune.

Eit anna viktig spørsmål som har dukka opp i denne prosessen er forholdet mellom 'oppgåveutval' og den nye kommunelova som vert gjeldande frå 01.01.2020. I den nye kommunelova vert det eit tydelegare skilje mellom folkevalde organ og administrative organ i kommunen. Eit 'oppgåveutval' kan etter den nye kommunelova organiserast på fleire måtar, og det er framleis ein del uavklarte forhold, særskilt for det som gjeld oppretting av oppgåveutval utanfor kommunelova. Her jobbar mellom anna KS-advokatane med ei utgreiing. Dette er ein av grunnane til at det ikkje har vore mogleg for prosjektrådmannen å få utarbeidd eit saksframlegg om 'oppgåveutval' slik som den opphavlege planen var. Utvalet har også i mellomtida fått ny sekretær.

Prosesen vidare

Ny sekretær har førebels ikkje fått sett seg inn i saksgrunnlaget som gjeld for eit oppgåveutval, og forholdet til den nye kommunelova, men vil før møtet torsdag sende ut litt meir grunnlagsinformasjon til utvalet. Det kan utarbeidast ei sak til fellesnemnda på bakgrunn av dei innspel som utvalet gjer i møtet.